

# Eksamen

19.11.2021

MED2003 Medieproduksjon

**Programområde:** Medieproduksjon

LK06

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	<b>Vedlegg: side 6</b> Informasjon om PPU ved NTNU
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Sensor vurderer i kva grad svaret viser at kandidaten har nådd kompetansemåla i læreplanen, og korleis kandidaten bruker og reflekterer over faglege kunnskapar og ferdigheiter.</p> <p>Det blir lagt vekt på at du viser korleis ein jobbar med forarbeid, og at du viser kompetanse innan medieproduksjon og etterarbeid, bruker fagomgrep og grunngir vala dine.</p> <p>Sjå dei generelle vurderingskriteria i <a href="#">Eksamensveiledninga</a></p>
<b>TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:</b>	
<ul style="list-style-type: none"><li>• Start med å lese oppgåveinstruksen godt.</li><li>• Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.</li><li>• Les gjennom det du har skrive, før du leverer.</li><li>• Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.</li></ul>	

Lykke till!

## Oppgave 1

Lærerutdanninga på NTNU treng nytt rekrutteringsmateriell for studieløpet PPU (praktisk-pedagogisk utdanning) som skal kunne brukast på kanalar som Instagram, YouTube og NTNUs egne nettsider.

Målgruppa er vaksne og unge vaksne som allereie har høgare utdanning.

Du skal utvikle ein idé til ei mogleg løysing av dette oppdraget som skal ligge til grunn for eit praktisk medieprodukt. Vel éi av dei to produksjonsløysingane under, og gjer greie for korleis du ville ha planlagt og gjennomført produksjonen.

- A. Rekrutteringsvideo/reklamefilm
- B. Grafisk materiell basert på foto og tekst

Gjer også greie for i kva for kanalar du meiner produktet ditt vil ha best gjennomslagskraft.

## Oppgave 2

Dersom du har valt A (rekrutteringsvideo), skal du lage eit storyboard for anslaget til videoen din. Her er det viktig at du noterer korleis du har tenkt å realisere kvar kamerainnstilling praktisk.

Dersom du har valt B (grafisk materiell), skal du lage ei skisse som viser korleis du tenker deg at det endelege produktet skal sjå ut, og gjere greie for korleis du ville ha gått fram for å overføre skissa til det endelege produktet.

## Oppgave 3

Gjer greie for kva slags utstyr og programvare du ville ha brukt under produksjon og postproduksjon av produktet du laga i oppgave 1.

Forklar og grunngi korleis du ville ha nytta deg av utstyret på ein mest mogleg bransjefagleg måte.

Forklar kva for filformat som høyrer til utstyret og dei ulike programvarene du har brukt, og korleis du ville ha klargjort det endelege produktet ditt for publisering i den kanalen du har valt.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	<b>Vedlegg:</b> side 8 Informasjon om PPU ved NTNU
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Sensor vurderer i hvilken grad besvarelsen viser at kandidaten har nådd kompetansemålene i læreplanen, og hvordan kandidaten bruker og reflekterer over faglige kunnskaper og ferdigheter.</p> <p>Det blir lagt vekt på at du viser hvordan man jobber med forarbeid, og at du viser kompetanse innen medieproduksjon og etterarbeid, bruker fagbegreper og begrunner valgene dine.</p> <p>Se også de generelle vurderingskriteriene i <a href="#">Eksamensveiledning</a></p>

#### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!

## Oppgave 1

Lærerutdanningen på NTNU trenger nytt rekrutteringsmaterieil for studieløpet PPU (praktisk-pedagogisk utdanning) som skal kunne benyttes på kanaler som Instagram, YouTube og NTNUs egne nettsider.

Målgruppen er voksne og unge voksne som allerede har høyere utdanning.

Du skal utvikle en idé til en mulig løsning av dette oppdraget som skal ligge til grunn for et praktisk medieprodukt. Velg én av de to produksjonsløsningene under, og gjør rede for hvordan du ville ha planlagt og gjennomført produksjonen.

- A. Rekrutteringsvideo/reklamefilm
- B. Grafisk materieil basert på foto og tekst

Gjør også rede for i hvilke av kanalene du mener produktet ditt vil ha best gjennomslagskraft.

## Oppgave 2

Hvis du har valgt A (rekrutteringsvideo,) skal du lage et storyboard for anslaget til videoen din. Her er det viktig at du noterer hvordan du har tenkt å realisere hver kamerainnstilling praktisk.

Hvis du har valgt B (grafisk materieil), skal du lage en skisse som viser hvordan du tenker deg at det endelige produktet skal se ut, og gjøre rede for hvordan du ville ha gått fram for å overføre skissen til det endelige produktet.

## Oppgave 3

Gjør rede for hva slags utstyr og programvare du ville ha brukt under produksjon og postproduksjon av produktet du laget i oppgave 1.

Forklar og begrunn hvordan du ville ha benyttet deg av utstyret på en mest mulig bransjefaglig måte.

Forklar hvilke filformater som hører til utstyret og de ulike programvarene du har brukt, og hvordan du ville ha klargjort det endelige produktet ditt for publisering i den kanalen du har valgt.

## Informasjon om PPU ved NTNU (nynorsk)

Lærerutdanning, 1-årig påbygging, Trondheim

### Praktisk-pedagogisk utdanning heiltid (PPU)

#### Kva lærer du?

Ønsker du å jobbe som lærar og har høgare utdanning? Vil du bidra til å gjere ein forskjell og skape engasjement for faget ditt? Med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) kan du undervise på 5.–10. trinn i grunnskolen og i vidaregåande skole. PPU er ei eittårig lærerutdanning som fortrinnsvis bygger på mastergrad.

#### Jobbmoglegheiter

PPU kvalifiserer deg først og fremst som lærar innanfor fagområda dine, og du kan undervise på 5.–10. trinn i grunnskolen og i vidaregåande skole. Kompetansen du får gjennom lærerutdanninga, vil også vere relevant for anna undervisnings- og formidlingsarbeid.

#### Oppbygginga av studiet

Praktisk-pedagogisk utdanning heiltid (PPU) er lærerutdanning som eittårig påbyggingsstudium. Studiet bygger på høgare utdanning, fortrinnsvis mastergrad. Studiet er på 60 studiepoeng og består av pedagogikk, fagdidaktikk og praksis i skolen.

#### Studiemiljø

Studentane på praktisk-pedagogisk utdanning blir fordelte i partnerskap (klassar) som er saman heile studieåret. Dette fører til sterkt samhald blant studentane.

#### Kva er PPU?

Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) er eit eittårig studium på 60 studiepoeng som består av pedagogikk, fagdidaktikk og praksis i skolen. Med fullført PPU er du kvalifisert som lærar i vidaregåande opplæring og på 5.–10. trinn i grunnskolen. Undervisninga på campus og skolepraksis har krav om obligatorisk oppmøte.

#### Vi tilbyr desse faga:

- biologi
- dans
- drama og teater
- engelsk
- film og medievitskap
- framandspråk (fransk, spansk, tysk)
- fysikk
- geografi
- historie
- kjemi

- kroppsøving og idrett
- kunst og handverk
- matematikk
- musikk
- norsk
- religions- og etikkfag
- samfunnskunnskap
- teknologi og forskingslære

Vi tilbyr desse faga med atterhald om mange nok kvalifiserte søkarar i det enkelte faget.

### **Lærarutdanning som påbygging**

PPU bygger på høgare utdanning du har frå før. PPU heiltid bygger fortrinnsvis på mastergrad. I den høgare utdanninga di bør du ha grunnlag for minst to undervisningsfag i skolen (opptakskravet er grunnlag for minimum eitt undervisningsfag).

### **Fagval**

Med PPU blir du lærar i dei faga du brenn for, og kan bli ein kunnskapsrik og engasjerande lærar.

Du må ha minst 60 studiepoeng i faga som skal vere undervisningsfaga dine. Faga bør vere bygde opp av emne som utgjer eit årsstudium. Det er enkelte fag som ikkje blir rekna som undervisningsfag i skolen, for eksempel pedagogikk, anvendt språk, fonetikk og arkeologi.

### **Praksis i skolen**

Praksis i skolen er ein integrert del av opplæringa i pedagogikk og fagdidaktikk. Du skal ha ca. 14 veker praksis i skolen: seks veker i haustsemesteret og åtte veker i vårsemesteret.

Kjelde: <https://www.ntnu.no/studier/prped>

## Informasjon om PPU ved NTNU (bokmål)

Kilde: <https://www.ntnu.no/studier/prped>

Lærerutdanning, 1-årig påbygging, Trondheim

### Praktisk-pedagogisk utdanning heltid (PPU)

#### Hva lærer du?

Ønsker du å jobbe som lærer og har høyere utdanning? Vil du bidra til å gjøre en forskjell og skape engasjement for faget ditt? Med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) kan du undervise i grunnskolens 5.-10. trinn og i videregående skole. PPU er en ettårig lærerutdanning som fortrinnsvis bygger på mastergrad.

#### Jobbmuligheter

PPU kvalifiserer deg først og fremst som lærer innenfor dine fagområder og du kan undervise i grunnskolens 5.-10. trinn og i videregående skole. Kompetansen du får gjennom lærerutdanningen vil også være relevant for annet undervisnings- og formidlingsarbeid.

#### Studiets oppbygging

Praktisk-pedagogisk utdanning heltid (PPU) er lærerutdanning som ettårig påbyggingsstudium. Studiet bygger på høyere utdanning, fortrinnsvis mastergrad. Studiet er på 60 studiepoeng og består av pedagogikk, fagdidaktikk og praksis i skolen.

#### Studiemiljø

Studentene på praktisk-pedagogisk utdanning blir fordelt i partnerskap (klasser) som er sammen hele studieåret. Dette fører til sterkt samhold blant studentene.

#### Hva er PPU?

Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) er et ettårig studium på 60 studiepoeng, som består av pedagogikk, fagdidaktikk og praksis i skolen. Med fullført PPU er du kvalifisert som lærer i videregående opplæring og i grunnskolens 5.–10. trinn. Undervisningen på campus og skolepraksis har krav om obligatorisk oppmøte.

#### Vi tilbyr følgende fag

- biologi
- dans
- drama og teater
- engelsk
- film og medievitenskap
- fremmedspråk (fransk, spansk, tysk)
- fysikk
- geografi
- historie
- kjemi



- kroppsøving og idrett
- kunst og håndverk
- matematikk
- musikk
- norsk
- religions- og etikkfag
- samfunnskunnskap
- teknologi og forskningslære

Fagene tilbys med forbehold om tilstrekkelig antall kvalifiserte søkere i det enkelte fag.

### **Lærerutdanning som påbygging**

PPU bygger på høyere utdanning du har fra før. PPU heltid bygger fortrinnsvis på mastergrad. I den høyere utdanningen din bør du ha grunnlag for minst to undervisningsfag i skolen (opptakskravet er grunnlag for minimum ett undervisningsfag).

### **Fagvalg**


Med PPU blir du lærer i de fagene du brenner for, og kan bli en kunnskapsrik og engasjerende lærer.

Du må ha minst 60 studiepoeng i fagene som skal være dine undervisningsfag. Fagene bør være bygd opp av emner som utgjør et årsstudium. Det er noen fag som ikke blir betraktet som undervisningsfag i skolen, for eksempel pedagogikk, anvendt språk, fonetikk og arkeologi.

### **Praksis i skolen**

Praksis i skolen er en integrert del av opplæringen i pedagogikk og fagdidaktikk.

- Du skal ha ca. 14 uker praksis i skolen: Seks uker i høstsemesteret og åtte uker i vårsemesteret.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)